

## Referat frå møte i skoleutvalet 23.02.26

**Møtt:** Mayla, Milla, Stine, Joel og Oliver (elevar), Mons, Robin og Hugo (samfunnskontaktar), Per Arne (ansatterrepr.), Kristin og Møyfrid (foreldrerepr.) og Hilde (rektor og referent).

### Agenda:

- Oppsummering etter økt beredskapsarbeid
- Sosialveke i veke 13. Frukost og aktivitetsdag 27. mars
- Vidare arbeid påbygg-tilbod
- Trafikksikkerheit på Øye-området
- Høyring om språkval i vidaregåande skolar i Møre og Romsdal
- Eventuelt

### Oppsummering etter økt om beredskapsarbeid

4. februar hadde skolen besøk av Statsforvaltar Else-May Botten. Ho møtte alle elevane og snakka om beredskapsarbeid. Økta var initiert og organisert av Hugo på vegne av skoleutvalet.

Botten hadde ei brei tilnærming til beredskap, med utgangspunkt i både det internasjonale, nasjonale og lokale perspektivet. Økta hadde også fokus psykiske helse i denne konteksten.

Økta vart teke godt i mot av elevar og tilsette. God informasjon om eit alvorleg tema. Elevane hadde moglegheit til å snakke vidare om temaet på klassenivå.

Foreldrekontakt Kristin etterlyste at ungdomskontakt/helsesjukepleiar skulle vore invitert inn. Skolen tek dette til etterretning.

### Sosialveke (veke 13)

Som tidlegare nemnt blir det sosialveke i veka før påske. Elevrådet orienterte om kva lågterskel aktivitetar som er planlagt i lunsjen i kantine/bibliotekområde løpet av veka; påskeeggjakt, sjokoladecake til alle elevar, konkurranse/Quiz ved hjelp av Forms og temadag i regi russen.

Fredag 27. mars blir det frukost for alle elevar i kantina i første time i regi foreldrerepresentantane i skoleutvalet og Saniteten, vidare vinteraktivitetsdag frå klokka 09:00.

### Vidare arbeid påbygg-tilbod

Viser til sak på førre møte kor skoleutvalet drøfta ståstad til framtidig påbyggtilbod ved skolen.

Skoleåret 26-27 blir det som tidlegare orientert om eit samarbeid om eit påbyggtilbod på Indre Nordmøre (Sunndal og Surnadal først og fremst, men Tingvoll er og med). Elevane vil få dei fleste faga fysisk på eigen skole, men vera blanda med elevar frå dei andre skolane gjennom

digital undervisning i nokre fag. Kva fag det blir samarbeid om er ikkje bestemt enda. Korleis ein skal samarbeide digitalt er heller ikkje bestemt. Det som er bestemt er at elevane skal ha fysisk oppmøte på nærskolen i alle timar, også dei timane kor det blir digital undervisning.

Kva påbyggtilbod ynskjer skoleutvalet å arbeide for på Surnadal vgs i åra framover?

Slik skoleutvalet ser tre alternativ:

- 1) Eit påbyggtilbod heilt og fullt på Surnadal vgs, utan samarbeid med andre.
- 2) Samarbeid på Indre Nordmøre om eit felles påbyggtilbod
- 3) Ikkje noko påbyggtilbod

Elevrepresentantane ser det ikkje som realistisk å ha eit eige påbyggtilbod heilt og fullt på Surnadal vgs, med elevtalsnedgangen som er varsla i åra framover. Elevrepresentantane er derfor positive til eit samarbeid på Indre. Dei ser heller ikkje mørkt på digital undervisning i enkelte fag, så lenge dei får møte fysisk på nærskolen i alle timar.

Per Arne, representant for dei tilsette, refererte til stemmer samla inn gjennom gruppearbeid i fellestid, samtalar mm. Tilsette støttar elevrepresentantane langt på veg, er positive til å prøve ut modellen, men er meir skeptiske til digital undervisning enn det elevane er. Som pedagogar ser ein viktigheita av å ivareta relasjonane til elevane gjennom fysiske møte og å vera «tett på» kvar dag. Eit digitalt tilbod utfordrar dette og ein er derfor bekymra for å miste ein viktig dimensjon i skolen sitt mandat med tanke på elevoppfølging.

Rektor er positiv til samarbeid, men støttar bekymringa til dei tilsette med tanke på digital undervisning. Er glad for at ein no kan prøve ut modellen i skoleåret som kjem, og slik tilpasse/justere med utgangspunkt i denne dei neste åra. Om ein veit frå år til år at tilbodet blir starta opp vil dette gi viktig forutsigbarheit for elevane og for skolen/dei ansatte.

Resten av skoleutvalet sluttar seg til det som er sagt. Ein har no moglegheit til å prøve ut samarbeid og slik skaffe seg nyttige erfaringar. Målet er eit berekraftig påbyggtilbod som og gir forutsigbarheit. Gjennom samarbeid om påbygg har ein moglegheit til å halde på breidda i utdanningstilboda til skolen. Dette vil og kunne virke positivt på omdømme til skolen i heile regionen.

### **Trafikksikkerheit på Øye-området**

Hugo melder om bekymring for trafikksikkerheita på Øye-området, han får jamleg melding om nesten-ulykker. Skrekken er at det snart faktisk skjer ei ulykke. Spesielt utsett er dei yngste elevane på SUBUS. Det køyrast for mykje og for fort, og gangfelt blir nytta i for liten grad.

Skoleutvalet drøfta ulike tiltak. Brukarar på området må nok ein gong minnast på at det ikkje skal vera køyring på området i skoletida, og alle må halde seg til parkeringsreglementet. Med tanke på å følgje opp feilparkering vil det vera til hjelp om parkeringsplassar merkast/regulerast,

spesielt gjeld dette parkeringsplassen oppe ved idrettshallen. Skoleutvalet vil også prioritere eit medieoppslag for å setje fokus på saka. Elevrådsleiar Joel og Hugo har ansvar for dette.

### **Språkval i vidaregåande skolar i Møre og Romsdal fylkeskommune**

Det er foreslått ei forskriftsendring som kan opne for at vidaregåandeskolar kan vere språknøytrale i den skriftlege opplæringa og den skriftlege kommunikasjonen med elevar og føresette. Ei endring vil tre i kraft frå 1. august 2026. Fylkeskommunedirektøren har med bakgrunn i dette sendt ut høyring på val av skriftleg hovudmål ved dei enkelte vidaregåande skolane i Møre og Romsdal. Tillitsvalde, elevråd og skoleutval skal involverast i høyringa, som har frist 27.03.26. Saka skal vidare behandlast politisk i Fylkestinget.

Vi har drøfta saka innleiingsvis i skoleutvalet, og det er argumentert både for å bli språknøytral og for å halde fram med nynorsk (slik som i dag).

Skoleutvalet tek opp att saka i neste møte. Landar da på kor vidt ein ynskjer å uttale seg og kva ein eventuelt vil uttale seg om.

### **Eventuelt**

Ingen saker.

*Neste møte onsdag 18. mars kl. 13:00 – 14:30. Innkalling kjem.*